

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks
Ole-Henry Olsen
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/352 - 21/5691

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 176/28 Spurkeland/Kjevikdalen

Tiltak: Mellombels brakker
Byggjestad: Gbnr: 177/36
Tiltakshavar: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden dykkar 13.01.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Situasjonsplan**, med utvendig mål på bygningar og avstand til andre bygg. Kart er vedlagt.
2. **Teikningar** av brakkene: Plan, snitt og fasade
3. **Nabovarsel** skal i utgangspunktet sendast. Når søkar finn at det ikkje er nødvendig, skal han grunngi det i søknaden.
4. **Arbeidstilsynet** sitt samtykke skal ligga føre for alle bygg med arbeidsplassar.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla **innan 25.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.
Når det må hentast inn samtykke frå anna styresmakt er fristen 12 veker, pluss den tida det tar å venta på tilleggsinformasjon.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

176-28_Kart

Kopi til:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Lindåsvegen 1260 5956 HUNDVIN
Renovasjonsselskap Iks

Mottakarar:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Lindåsvegen 1260 5956 HUNDVIN
Renovasjonsselskap Iks